



Vestnorsk utvandringssenter

MUSEUMSSENTERET i Hordaland

Dykkar ref.:

Vår ref.:
073.25/119/2014/ÅSFT

10.3.2014

Søknad om støtte til seminar med tema 1814

I samband med grunnlovsjubileet 1814 og den årlege Utvandringsfestivalen, arrangerer Vestnorsk utvandringssenter eit fagseminar med tema 1814.

Tema:

Då arbeidet med ei norsk grunnlov tok til i 1814, vart det laga fleire utkast til grunnlov. Ein hadde kjennskap til fleire andre lands sine grunnlover og vart inspirert av desse. Særleg var den franske grunnlova av 1791 og den amerikanske uavhengigheitserklæringa (1776) og den amerianske kontitusjonen (1787) viktige kjelder til inspirasjon.

Grunnlova får og innverknad på den norske utvandringa til Amerika. I 1814 hadde ikkje den norske utvandringa til Nord-Amerika starta. Men dei nye lovane verka inn på avgjersla til fleire som valte å reise frå heimlandet – dette gjeld særleg paragraf 16 som slår fast at det er konge og prester som bestemmer kva innhald og form religionsutøvinga skal ta. Den norske utvandringa til Amerika får etterkvart betydning for utarbeidingsa av politiske og sosiale rettigheter i Noreg.

Foredragshaldarar (førerebels bekrefta):

Ola Grytten, professor ved NHH

Kjell Bjørn Minde, førsteamanuensis ved Høgskolen på Stord/Haugesund

Frank Aarebrot, professor UIB

Alle seminarinnlegga vil omhandle den skisserte tematikken, og vil bli gitt ut i ein felles publikasjon.

Salhusvegen 201
5107 Salhus

vestnorsk.utvandringssenter@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 18 09
Faks: 55 25 10 99

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Dei totale utgiftene for seminaret er kr 21.800,-. Vi søker med dette Radøy kommune om å støtte tiltaket med kr. 5000,-.

Vedlegg: budsjett.

Venleg helsing,

Åshild S. F. Thorsen
Avdelingsleiar (vikar) Vestnorsk utvandringssenter